



Sabima kartleggingsnotat 20, 2022

## **Artskartlegging i og ved Gallisvann i Kodal, Sandefjord 11 september 2022 ved Larvik Botaniske Forening**

Av Dagny Mandt, Larvik Botaniske Forening



Brungul stubbemusserong

Foto: Dagny Mandt



## Artskartlegging i Gallisvann og skogen aust for dette 11 september 2022

Vi var fem stykker som møttes ved Spar, Kodal og derfrå gjekk vi til sørrenden av Gallisvannet. Frå området aust for vatnet er det få registreringar i Artskart og vi ynskjer å få ein betre dekning av lite kartlagte område i Larvik og omegn.

To av oss var ute med båt på vatnet fram til matpausa og såg etter vassplanter og insekter. Dei tre andre gjekk aust for vatnet og registrera karplanter, litt lav og sopp. Etter paua fylgte vi ein traktorveg søraustover mot ein frisbeebane og tre av oss gjekk ein runde langs stiar og vegar i nærheten av Rismyr.

*Emneord: Karplanter, virvelløse dyr, moser, lav, sopp*

### Deltakarar på kartlegginga var:

Mikaela Olsen, Sabima

Bernhard Kløw Askedalen

Nina Tveite

Inger-Hilde Engelstad

Dagny Mandt



Tjærekuje.

Foto: Dagny Mandt



## Registrering og identifisering av artar.

Det vart forsøkt med bruk av ein felt-pc til registrering, men den hadde ein dårlig dag så det vart notera for hånd.

Birna Rørslott hjelpte til med identifisering av ein del vassplanter ut frå bilder.

I tabellen er oppført antal artar og av dei er tre raudlista og tre framandartar. Alle sikre funn er registrera på Artsobservasjoner.no og lagt under prosjektet «Kartleggingsmidler Sabima».

	<i>Arter</i>	<i>Funn</i>
<i>Karplanter</i>	116	144
<i>Moser</i>	6	8
<i>Lav</i>	11	14
<i>Sopp</i>	12	12
<i>Virvellause dyr</i>	10	17
<i>Sum</i>	155	195